



Justis- og  
beredskapsdepartementet

# Tildelingsbrev 2022

## Den militære påtalemakta

19. januar 2022

## Innhold

1.	Innleiing.....	2
2.	Utfordringar, moglegheiter og prioriteringar .....	3
3.	Mål, styringsparametrar og oppdrag for 2022.....	3
3.1	Mål og resultatkrav for 2022.....	3
4.	Styring og kontroll i Generaladvokatembetet .....	4
4.1	Internkontroll .....	4
4.2	Saker frå Riksrevisjonen og Sivilombodet .....	4
5.	Fellesføring frå regjeringa.....	5
6.	Fellesføring frå departementet.....	5
7.	Styringsdialog og rapportering i 2022 .....	5
7.1	Styringsdialog 2022 .....	5
7.2	Rapportering 2022.....	6
8.	Budsjettramma og fullmakter for 2022 .....	7
8.1	Budsjettramma.....	7
8.2	Delegering av fullmakter i samsvar med budsjettvedtaket til Stortinget .....	7
8.3	Delegering av fullmakter i samsvar med løyvingsreglementet til Stortinget 2022/ Fullmakter 2022.....	7

# 1. Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2021-2022) frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Prop 1 S Tillegg 1 (2021-2022) frå Finansdepartementet og Budsjettinnst. S. nr. 6 (2021-2022).

Tildelingsbrevet er utforma på bakgrunn av det endelege budsjettvedtaket til Stortinget av 15. desember 2021 og presenterer dei økonomiske rammene for Den militære påtalemakta i 2022, jf. *Økonomireglementet § 7* og *Bestemmelser om økonomistyring i staten* pkt. 1.5.

Justisdepartementet har fastsett følgjande overordna sektormål for justis- og beredskapssektoren:

- lav kriminalitet
- rettstryggleik
- tryggleik i samfunnet
- kontrollert og berekraftig innvandring
- godt forvalta polarområde
- godt og tilgjengeleg lovverk

Tildelingsbrevet tek utgangspunkt i sektormåla og hovudutfordringane som er særleg relevante for Den militære påtalemakta(Generaladvokatembetet).

Generaladvokatembetet skal særleg bidra til å nå følgjande sektormål:

- lav kriminalitet
- rettstryggleik
- tryggleik i samfunnet

Dei verksemdsmåla, styringsparametrane, resultatkrava og oppdraga som kjem fram i dette tildelingsbrevet, vil vere førande for departementet si oppfølging av Generaladvokatembetet i 2022. Departementet understrekar at tildelingsbrevet ikkje er uttømmende for dei oppgåvene Generaladvokatembetet skal utføre. Utover dei prioriteringane og krava som er omtalte i tildelingsbrevet, legg departementet til grunn at verksemda blir vidareført innanfor dei rammene som følgjer av instruksen for Generaladvokaten og krigsadvokatane, samt anna gjeldande regelverk og andre instruksar. Departementet gjer merksam på at Generaladvokatembetet har eit sjølvstendig ansvar for å informere departementet om vesentlege risikoar og/eller avvik knytt til Generaladvokatembetet sine oppgåver og å fremje forslag til moglege korrigerande tiltak, jf. pkt. 2.3.2 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

## **2. utfordringar, moglegheiter og prioriteringar**

Generaladvokaten og krigsadvokatane utgjer Den militære påtalemakta. Embetet utfører oppgåver tillagt påtalemakta i straffesaker om brot på militær straffelov. Generaladvokaten skal planleggje og førebu verksemda til den militære disiplinær- og påtalemakta i krig, i samråd med Forsvaret, Riksadvokaten og andre involverte styresmakter. Generaladvokaten skal i tillegg gi råd til militære sjefar i disiplinær-saker.

Verksemda til Generaladvokatembetet har i hovudsak fokus på forhold i Forsvaret. Korleis Forsvaret er organisert og aktivitetar i Forsvaret er såleis avgjerande for arbeidsoppgåvene til Generaladvokatembetet. Større aktivitet frå Forsvaret si side i form av operasjonar eller øving har direkte innverknad på aktiviteten ved Generaladvokatembetet. Generaladvokatembetet har spesialisert og sær eigen kompetanse om militærrettslege forhold. Det er eit mål for Generaladvokatembetet å vere både spesialisert og anvendeleg, til nytte for Forsvaret og politi- og påtalemakta spesielt og for samfunnet generelt.

*Meld. St. 14 (2020-2021) Perspektivmeldingen 2021* understrekar at offentlege tenester må effektiviserast og utviklast i takt med at samfunnet endrar seg. Petroleumsnæringa vil i tida framover ikkje lenger vere vekstmotor i norsk økonomi. Samtidig ser vi ei betydeleg auke i utgifter til pensjon og eldreomsorg. Handlingsrommet i statsbudsjettet vil difor bli mindre. Teknologisk utvikling i høgt tempo gir likevel nye moglegheiter for å jobbe smartare, førebyggje kostnadsdrivande hendingar og effektivisere offentlege tenester.

## **3. Mål, styringsparametrar og oppdrag for 2022**

### **3.1 Mål og resultatkrav for 2022**

Generaladvokaten og krigsadvokatane utgjer Den militære påtalemakta og er underlagd Riksadvokaten i påtalemessige spørsmål, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet. Embetet utfører oppgåver som ligg til påtalemakta i straffesaker som gjeld brot på militær straffelov, gir råd til militære sjefar i disiplinærsaker og utfører lovlegheitskontroll av alle refsingar i Forsvaret.

Generaladvokaten må i 2022 vere førebudd på å ta del i arbeidet med å følge opp revisjonsforslag til disiplinærloven og lov om politimynde i Forsvaret, og til forslag om den framtidige påtalemessige behandlinga av militære straffesaker og organiseringa av den militære påtalemakta. I tillegg skal Generaladvokaten følgje opp arbeidet med ei eventuell organisasjonsending.

Generaladvokaten skal ha særskilt merksemd på saksbehandlingstidene og oppfylging av fristane for dei ulike sakstypene. I tillegg til mål om kort saksbehandlingstid, skal

generaladvokaten og krigsadvokatane halde høg kvalitet i eigne utsegn i disiplinærsaker, medrekna vurderingar om melding til politiet i slike saker.

Følgjande resultatkrav gjeld for Generaladvokatembetet i 2022:

Sakstype	Resultatkrav
Førehandsutsegn i disiplinærsaker	14 dagar
Behandling av klager på disiplinære refsingar	10 dagar
Kontroll av vedtekne disiplinære refsingar sendt embetet	14 dagar
Påtaleavgjerder	120 dagar
Utsegn til politi, påtalemakta og andre etatar	30 dagar

## 4. Styring og kontroll i Generaladvokatembetet

### 4.1 Internkontroll

Internkontrollansvaret til leiaren av verksemda er regulert i *Reglement for økonomistyring i staten* § 14. Arbeidet til Generaladvokaten er vidare regulert i *Forskrift om tjenesteordning og instruks for generaladvokaten og krigsadvokatene*. For å nå måla for Generaladvokatembetet i møte med framtidige utfordringar, er tilfredsstillande internkontroll særleg viktig. God internkontroll kan førebyggje, avdekkje og korrigere eventuelle vesentlege avvik.

Som nemnt i kapittel 2, må statlege verksemdar framover forvente strammare budsjett. Dette vil føre til krevjande prioriteringar også for verksemdene i justissektoren. Langsiktig planlegging, systematisk kunnskapsarbeid og god balanse mellom drift og utvikling vil bli endå viktigare framover. Generaladvokaten skal arbeide kontinuerleg for å effektivisere oppgåveløysinga, med særleg merksemd retta mot digitalisering av arbeidsprosessar og tenester.

### 4.2 Saker frå Riksrevisjonen og Sivilombodet

Merknader frå Riksrevisjonen eller fråsegner frå Sivilombodet skal ha høg prioritet. Generaladvokatembetet skal utvikle ein konkret plan for oppfølging av eventuelle feil og manglar som det er peika på. Oppfølgingsplanen vil vere tema i styringsdialogen.

## 5. Fellesføring frå regjeringa

Arbeidet med effektivisering utgjer ein integrert del av den ordinære styringsdialogen mellom departement og verksemd, og fylgjer dei allmenne prinsippa for styring i staten. I 2022 skal Generaladvokatembetet arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Generaladvokatembetet skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

## 6. Fellesføring frå departementet

Dei fleste verksemdene i justissektoren utøver eller støttar funksjonar som er kritiske for samfunnet, og fleire har i tillegg funksjonar, infrastruktur og tenester som er omfatta av sikkerhetsloven. Ved kjøp av utstyr og infrastruktur som er vesentleg for utøving av slike funksjonar eller ivaretaking av konfidensialitet, integritet, eller tilgjengelegheit i utstyr og infrastruktur som er av særskilt viktige for tenestene, skal verksemdene gjennomføre eigne og dokumenterbare risikovurderingar før slikt materiell vert kjøpt frå land vi ikkje har eit samarbeid med i tryggingssamanheng.

## 7. Styringsdialog og rapportering i 2022

### 7.1 Styringsdialog 2022

Den formelle rapporteringa frå Generaladvokatembetet til JD skjer i etatsstyringsmøta og gjennom dei ordinære rapporteringane. Basert på risikovurderingane frå 2021 legg departementet opp til eitt etatsstyringsmøte med Generaladvokatembetet i 2022 som omhandlar årsrapporten for 2021.

Tidspunktet for etatsstyringsmøtet går fram av styringskalenderen for 2022.

### Styringskalender 2022

Månad	Beskriving	Tidspunkt
	Forklaringar til statsrekneskapen for 2021 - innspel til Meld. St. nr. 3	29. januar
	Årsrapport for 2021 inkludert årsrekneskap + overordna risikovurderingar for 2022	15. februar

<b>Februar</b>	Forslag til budsjettendringar og større omprioriteringar 1. halvår 2022 (Revidert nasjonalbudsjett)	16. februar
<b>Mars</b>	Styringsdialogmøte (årsrapport 2021)	10. mars kl. 09.30-11.00
<b>April</b>	Statsbudsjettet 2023 – innspel til rammefordeling	Ultimo april*
<b>Juni</b>	Statsbudsjettet 2022 – foreløpig innspel til budsjettendringar og omprioriteringar 2. halvår 2022 (ny-saldering) Statsbudsjettet 2023- Foreløpige innspel til satsingsforslag/ budsjett-tiltak	Primo juni*
<b>September</b>	Statsbudsjettet 2022 - innspel til budsjettendringar og omprioriteringar i 2. halvår 2022 (ny-saldering) Innspel til langsiktige utgiftsbehov mv.	15. september* Medio september*
<b>Oktober</b>	Rapportering 2. tertial 2022 + oppdaterte risikovurderingar Prop. 1 S (2022-2023) blir lagt fram Statsbudsjettet 2024 – Endelege innspel til satsingsforslag, budsjett-tiltak og konsekvensjusteringar	1. oktober Primo oktober*
<b>Desember</b>	Tildelingsbrev blir sendt ut etter at Stortinget har behandla Prop. 1 S (2021-2022)	Fortrinnsvis innan 31. desember

\*) Departementet kjem attende til dette i særskilte bestillingar. Fristane er foreløpige, og det kan kome justeringar.

## 7.2 Rapportering 2022

Styring, oppfølging, kontroll og forvaltning må tilpassast eigenarten til verksemda, og dessutan risiko og viktighet, jf. *Reglementet for økonomistyring i staten* § 4.

Styringsdialogen mellom Generaladvokatembetet og JD er innretta etter risiko og viktighet. Risikoperspektivet skal også integrerast i rapporteringa frå verksemda.

Generaladvokatembetet sin årsrapport for 2022 utgjer ein del av grunnlaget for JD si rapportering til Stortinget om oppnådde resultat for budsjettåret 2022.

Årsrapporten skal sendast departementet innan 15. februar 2023 (med kopi til Riksrevisjonen) og skal følgje krava i *Bestemmelser om økonomistyring i staten* punkt 1.6.1. Vi viser også til DFØ sin rettleiar for årsrapportering på nettsidene til DFØ. [Årsrapport - DFØ \(dfo.no\)](https://www.dfo.no)

Generaladvokaten skal også rapportere etter andre tertial 2022. Rapporten skal vere kortfatta og konsentrert om avvik knytt til rekneskap og måloppnåing. Tertialrapporten må sendast departementet innan 1. oktober 2022.

## 8. Budsjettramma og fullmakter for 2022

### 8.1 Budsjettramma

På bakgrunn av Stortingets budsjettvedtak av 15. desember 2021 blir følgjande midlar stilt til disposisjon for Generaladvokatembetet i 2022:

---

---

(i 1000 kroner)		
Kap. 446		
Post 01	Driftsutgifter	9 159

### 8.2 Delegering av fullmakter i samsvar med budsjettvedtaket til Stortinget

Delegert mynde skal alltid utøvast i samsvar med gjeldande lover og reglar, gjevne retningslinjer og intensjonar for korleis fullmaktene skal brukast.

Det blir vist til rettleiaren i statleg budsjettarbeid, der m.a. bruk av unntaksavgjerder i løyvingreglementet (budsjettfullmakter) er omtalte.

### 8.3 Delegering av fullmakter i samsvar med løyvingreglementet til Stortinget 2022/ Fullmakter 2022

I løyvingreglementet har Kongen ein del fullmakter til å gjere unntak frå eller utfylle avgjerdene til løyvingreglementet. I rundskriv R-110 gir Finansdepartementet departementa fullmakter til å gjere unntak frå enkelte av hovudprinsippa i løyvingreglementet. I tillegg blir det gjort greie for fullmakter som ikkje blir delegerte til departementa, men som opnar for at departementa kan søke samtykke frå Finansdepartementet i enkeltsaker.

Delegert mynde skal alltid utøvast i samsvar med gjeldande lover og reglar, gjevne retningslinjer og intensjonar for korleis fullmaktene skal brukast.



Det blir vist til rettleiaren i statleg budsjettarbeid der m.a. bruk av unntaksavgjerder i løyvingreglementet (budsjettfullmakter) er omtalte.

Nedanfor blir ulike fullmakter omtalte. Først fullmakter som må delegerast for kvart budsjettår, jf. pkt. A nedanfor. Dernest fullmakter som Generaladvokaten må søkje Justis- og beredskapsdepartementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle, jf. pkt. B. Fullmaktene vil kunne trekkjast tilbake av JD dersom fullmaktene ikkje blir nytta etter vilkåra.

*A. Budsjettfullmakt som må delegerast kvart år, og som med dette blir delegert til Generaladvokaten*

- Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110 Fullmakter etter løyvingreglementet.
- Fullmakt til å inngå leigeavtalar (eksklusive husleigeavtalar) og avtale om kjøp av tenester utover budsjettåret, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110 Fullmakter etter til løyvingreglementet.
- Fullmakt til å inngå husleigeavtalar på dei vilkår som går fram av *instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor*, seinast oppdatert 13. januar 2017 av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Fullmakt til å overskride investeringsløyvingar mot tilsvarende innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel, avgrensa til 5 prosent av løyvinga under post 01, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110 *Fullmakter i henhold til bevilgningsreglementet*.

*B. Budsjettfullmakt som Generaladvokaten må søkje departementet om samtykke til å nytte seg av i det enkelte tilfelle*

- Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i dei tre følgjende budsjettår , på vilkåra som går fram av rundskriv R-110 *Fullmakter i henhold til bevilgningsreglementet*.
- Overføring av inntil 5 pst. av ubrukt driftsløyving frå eitt år til neste, på vilkåra som går fram av rundskriv R-110 *Fullmakter i henhold til bevilgningsreglementet*. Generaladvokaten sender søknad til JD i samband med rekneskapsrapporten per 31. desember.

*Administrative forhold*

Ved tilsetjing i embetet som generaladvokat avgjer JD lønn innanfor lønnsalternativet som går fram av utlysinga. Ved andre tilsetjingar avgjer generaladvokaten lønn innanfor dei lønnsalternativa som går fram av utlysinga. Ved fastsetjing av lønn må det takast omsyn både til årets og påfølgande års budsjett, slik at samla lønnsutgifter er innanfor ei realistisk forventning om komande budsjett.